

B1

Alver kommune

P.b. 4

5906 Frekhaug.

Plan og byggjesak.

Søknad om dispensasjon frå Plan-og bygningslova prg. 1-8 om forbod mot tilttak i strandområder og søknad om dispensasjon frå Pbl. prg.11-7 pkt. 5 vedk. arealdelen i Kommuneplanen.

Det vert søkt om dispensasjon for frådeling av eit areal på om lag 275 kvm. frå gnr. 305 bnr. 7 på Fløksand i Alver kommune. Arealet skal leggjast til som tilleggsareal til fritidseigedomen gnr. 305 bnr. 71.

Arealet grensar til sjø i ei lengd på om lag 23m, mot fritidseigedomen bnr. 71 i ei lengd av om lag 30m og til hovudbruket bnr. 7 om lag 16m.

På dette arealet har eigar av fritidseigedomen bygd ein betongkai i slutten av 1950 åra og utanfor denne kaien vart det i om lag midt i 1960 åra plassert ei flytebrygge festa i kaien med ein gangveg/bru. Frå fritidseigedomen si grense og fram til kaien vart det samstundes bygd ein sti/smål veg fram til kaien på hovudbruket sin eigedom. Alle desse tiltaka vart i si tid gjort i forståing med eigar av hovudbruket utan at det vart laga nokon skriftleg avtale om dette. Årsaka til eit kaien og flytebrygga vart plassert her var at lenger inne i vika vert stranda turrlagd ved fjære sjø slik at tilkomst med båt var og er vanskeleg. Dei nemde tiltaka var på den tid dei blei laga til ikkje søknadspiktige sidan Plan- og bygningslova på landsbygda ikkje vert gjort gjeldande før i 1969 og forbod mot bygging i Strandområder ikkje vert gjort gjeldande før i 1972 dvs. lenge etter at tiltaka vart utførte. Sidan desse lovene ikkje har attendeverkande kraft er dei nemde tiltak i dag rekna som lovleg oppført.

Eg som eigar av hovudbruket bnr. 7, ynskjer nå å få formelt ordna opp i desse tilhøva. Eg har derfor blitt samd med eigar av fritidseigedomen bnr. 71 at han får kjøpt av hovudbruket eit høveleg areal som desse tiltaka ligg på. I tillegg til strandlinja er arealet ein brattent haug som er vanskeleg tilgjengeleg for nokon og som ikkje har noko verdi som friluftsføremål eller landbruksareal. For hovudbruket har såleis det omsøkte arealet liten bruksverdi som landbruk, men arealet vil vera til stor nytte for fritidseigedomen som såleis får juridisk rett til å koma fram til sine anlegg over eigen eigedom.

Vilkåra for å kunne gi dispensasjon frå prg. 1-8 i Pbl. om forbod mot tiltak i strandområder og frå prg. 11-7 pkt 5 i Pbl. frå arealdelen i kommuneplanen er at dispensasjonen skal vera til større nytte for tiltaket som det vert gitt dispensasjon for, enn om dispensasjon ikkje blir gitt. Tiltaket skal ved dispensasjon heller ikkje råka friluftsiinteresser eller landbruksinteresser eller andre samfunnsmessige interesser.

Eg meiner at omsøkt tiltak vil stetta desse vilkåra i lovverket slik at dispensasjon etter prg. 19.2 i Plan-og bygningslova kan bli gitt.

Fløksand 20.mars 2020.

Terje Fløysand

A handwritten signature in blue ink that reads "Terje Fløysand". The signature is written in a cursive style with a large initial 'T'.